


FANGST OG SKJELPRØVAR I FRØYSETELVA

Fangststatistikk


Gjennomsnittleg årsfangst av sjøaure 1993-2005 var 226 (snittvekt 0,9 kg), i 2005 vart det fanga 161 sjøaure med ei snittvekt på 0,9 kg. Etter at villaksen har vore freda sidan tidleg på 1990-talet, vart det opna for ordinært fiske i 2003, og i 2005 vart det fanga heile 277 laks med ei snittvekt på 3,3 kg.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Frøysetelva i perioden 1993-2005. Villaksen var freda fram til og med 2002.

Innslag av rømt oppdrettslaks


Frå sportsfisket i perioden 1999-2004 er det samla analysert skjelpøvar av 230 laks og 196 sjøaurar. Etter at det vart opna for fritt fiske etter laks i 2003 har det vore mellom 11 og 22 % rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste aurengar er 3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-30 cm. Ein del av aurene oppheld seg ei tid i innsjøar i vassdraget og er dermed ganske store før dei går ut i sjøen. Dei fleste laksungar er 2 år i elva og går når dei er 10-16 cm. Sjøveksten er ulik for laks og sjøaure, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 10-15 cm.

For laks er tilvekst første året i sjøen ein indikasjon på kor god sjøoverlevinga vil vera. I 2004 var gjennomsnittleg tilvekst ca. 37 cm, som er klart det beste på mange år, og indikerer god overleving for denne smoltårgangen.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen


Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

Fangststatistikk


I perioden 1995 til 2005 er det registrert fangst av sjøaure fire år, og gjennomsnittleg årsfangst desse åra var 30 sjøaurar med snittvekt på 1,0 kg. I følge den offisielle fangststatistikken vart det ikkje fanga korkje laks eller sjøaure i Andvikvassdraget i 2005. Sidan me mottok skjelprøvar av 18 sjøaure og ein laks frå fisket i 2005, er det klart at det har vore ei underrapportering av fangst i vassdraget.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje/punkt) av sjøaure i Andvikvassdraget i perioden 1995-2005.

Vekst i elv og sjø

Frå sportsfisket i 2003-2005 er det samla analysert skjelprøvar av 82 sjøaurar og ein laks. Dei fleste aureungane er 2-3 år i vassdraget før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-30 cm. Ein del av aureane oppheld seg eitt eller fleire år i Storevatnet og har dermed vore ganske store før dei går ut i sjøen. Sjøauren veks 8-14 cm dei første åra i sjøen. Laksen som vart fanga i 2005 var ein rømt oppdrettslaks på 63 cm og 2,3 kg.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I ROMARHEIMSELVA

Fangststatistikk


Etter å ha vore totalfreda sidan 1993 vart det opna att for fiske etter laks og sjøaure i Romarheimselva i 2003, og det vart då fanga 140 sjøaure med ei snittvekt på 0,5 kg. I 2005 var det registrert ein fangst på 128 sjøaure med ei snittvekt på 0,8 kg og 4 laks (snittvekt 1,8 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av sjøaure i Romarheimselva i 2003-05.

Til saman er det analysert skjelprøvar av 30 sjøaurar og to laksar. I 2005 kom det inn skjelprøvar av 5 sjøaurar.

Dei fleste aureungane er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 10-15 cm.



FIGUR 2. Vekst i elva og sjø av laks og sjøaure fanga i Romarheimselva

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I MODALSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 12 laks med snittvekt på 4,2 kg og 238 sjøaurar med snittvekt på 1,2 kg. I 2005 vart det fanga 12 laks (snittvekt 3,2 kg) og 106 sjøaure (snittvekt 1,2 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Modalselva i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå perioden 1999-2005 er det til saman analysert skjelpørvar av 56 laks og 398 sjøaurar. I 2005 kom det inn skjelpørvar av 1 villaks og 5 sjøaure. Andelen rømt oppdrettslaks har variert mellom 86 % i 2003 og 0 % i 2005, men antalet laks undersøkt kvart år er for lite til at ein kan få eit godt inntrykk av innsig av rømt fisk til elva.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 10-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I EKSO

Fangststatistikk


I perioden 1969-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 33 laks (snittvekt 6,0 kg) og 57 sjøaurar (snittvekt 1,1 kg). I 2005 vart det fanga 35 laks med ei snittvekt på 3,7 kg og 35 sjøaure med snittvekt på 1,0 kg. Villaksen har vore freda sidan tidleg på 1990-talet, så fangstane av laks desse åra er rømt oppdrettslaks.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Ekso i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen har vore freda sidan tidleg på 1990-talet.


Samla skjelmateriale

Frå perioden 1999-2005 er det samla analysert skjelpøvar av 87 laks og 107 sjøaurar (materialet frå 1999 er stam-/oppdrettsfiske). Til saman 18 av laksane fanga ved sportsfiske var villaks, dei fleste har anten vorte skadde av reiskap, eller har feilaktig vore vurdert som sjøaure eller rømt oppdrettslaks.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-4 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I DALEELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 77 laks (snittvekt 3,3 kg) og 315 sjøaurar (snittvekt 0,8 kg). Fangstane av både laks og aure har auka dei siste 5-10 åra, og snittfangst av laks og sjøaure i perioden 1997-2005 var høvesvis 208 og 423 fisk. I 2005 vart det fanga 313 laks (snittvekt 3,2 kg) og 604 sjøaure (snittvekt 0,8 kg), begge deler mellom det beste som er registrert..



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Daleelva i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå sportsfisket i perioden 1999-2005 er det samla analysert skjelpøvar av 1347 laks og 1126 sjøaurar. Etter ein topp i 2001 har andelen rømt laks gått jamt nedover, frå 38 % i 2001, til 9 % i 2004 og 12 % i 2005. I 2005 var ca. 30 % av villaksane sikre klekkerifisk (denne andelen kan vera noko underestimert).



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-17 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I ARNAELVA

Fangststatistikk


I perioden 1988-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 103 laks (snittvekt 3,4 kg) og 137 sjøaurar med snittvekt på 0,9 kg. I 2005 vart det fanga 382 laks (snittvekt 1,9 kg) og 123 sjøaure (snittvekt 0,9 kg). Med unntak av 2004 har laksefangstane auka kvart år sidan 1998, og resultatet i 2005 var det beste som er registrert i Arnaelva. Sjøaurefangstane har også auka, men fangsten i 2005 var den minste sida 1998.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Arnaelva i perioden 1988-2005. Frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

Innslag av rømt oppdrettslaks


Frå sportsfisket i perioden 1999-2005 er det samla analysert skjelpøvar av 299 laks og 56 sjøaurar. Andelen rømt laks har gått jamt nedover, frå 43 % i 2000, til 8 % i 2005.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-17 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.

For laks er tilvekst første året i sjøen ein indikasjon på kor god sjøoverlevinga vil vera. I 2004 var gjennomsnittleg tilvekst ca. 37 cm, som er det beste som er registrert. Det indikerer god overleving for denne smoltårgangen, og stemmer godt med dei høge fangstane av smålaks i 2005.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I OSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 153 laks (snittvekt 2,4 kg) og 295 sjøaurar (snittvekt 0,8 kg). I 2005 vart det fanga 504 laks (snittvekt 2,1 kg) og 469 sjøaure (snittvekt 1,0 kg). Laksefangsten i 2005 var den tredje høgaste sidan 1969, og også fangsten av sjøaure var god i høve til snittet for perioden.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Oselva i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). (Blå søyle: Uspesifisert materiale)


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå sportsfisket i perioden 2000-2005 er det til saman analysert skjelpørvar av 1257 laks og 1069 sjøaurar. I 2005 kom det inn skjelpørvar av 279 laks og 149 sjøaure. Andelen rømt oppdrettslaks har variert mellom 54 % i 2002 og 5 i 2005.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Ein del av sjøaurane har ein periode i ein av innsjøane i vassdraget, og kan vera over 25 før dei går ut i sjøen. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 10-15 cm. I 2000 var det ein del fisk som såg ut til å vera hybridar, med ein sjøvekst som låg mellom laks og sjøaure.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I TYSSEELVA

Fangststatistikk


I perioden 1983-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 167 laks (snittvekt 2,9 kg) og 40 sjøaure (snittvekt 0,8 kg). I 2005 vart det fanga 253 laks (snittvekt 2,8 kg) og 63 sjøaure (snittvekt 2,2 kg). Både laks- og sjøaurefangstane i 2005 var mellom dei høgaste som er registrert.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Tysseelva i perioden 1983-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå sportsfisket i perioden 1999-2005 er det til saman analysert skjelpørvar av 903 laks og 89 sjøaurar, i 2005 kom det inn skjelpørvar av 86 laks og 9 sjøaure. Andelen rømt oppdrettslaks har vore svært høg alle åra, med variasjon mellom 67 og 96 %.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungane er 2-4 år i elva før dei går ut i sjøen, laksen ved ei lengd på 10-16 cm, sjøauren opp til 25 cm. Dei største sjøauresmoltane har vore eitt eller fleire år i Frølandsvatnet før dei vandra ut til sjøen. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 10-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I STEINSDALSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-1998 var gjennomsnittleg årsfangst 64 laks med snittvekt på 2,5 kg, etter det vart villaksen freda og det har sidan berre vore lov å fanga rømt oppdrettslaks. I perioden 1969-2005 har det vore fanga i snitt 53 sjøaurar med snittvekt på 1,9 kg. I 2005 vart det fanga 23 laks (snittvekt 3,2 kg) og 38 sjøaure (snittvekt 2,2 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Steinsdalselva i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen har vore freda sidan 1999.


Innsamla skjelmateriale 1999-2005

Frå sportsfisket i perioden 1999-2005 er det til saman analysert skjelpøvar av 49 laks og 42 sjøaurar, i 2005 kom det inn skjelpøvar av 16 laks og 10 sjøaure. Mellom laksane var det til saman 6 villaks.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 10-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I ØYSTESEELVA

Fangststatistikk


Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1975-2005 var 16 laks (snittvekt 4,1 kg) og 20 sjøaurar (snittvekt 0,9 kg). Villaksen er freda i Øysteseelva, det er berre lov å fanga rømt oppdrettslaks. Fangstane av og sjøaure har vore små og sporadiske dei siste åra og fleire år er det ikkje registrert fangst av sjøaure. I 2005 vart det fanga 7 sjøaure (snittvekt 1,1 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje/punkt) av laks og sjøaure i Øysteseelva i perioden 1975-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

Analysar av skjelmateriale - vekst i elv og sjø

Det vart motteke skjelprøvar frå ein laks og 6 sjøaure fanga ved sportsfiske i 2005. Laksen var ein villaks som hadde svelgt sluken og måtte avlivast. Denne var 49 cm/1,1 kg og hadde vore 3 år i elv og ein vinter i sjø då han vart fanga. Sjøaurane hadde vore 2-4 år i elva og 2-5 somrar i sjøen. Laksen har normalt langt betre vekst første året i sjøen (30-35 cm) enn sjøaure (12-17 cm), men desse skilnadane var mindre enn vanleg for fiskane frå Øystese, etter som laksen hadde vakse 30 cm, som er relativt lite, medan sjøaurane hadde vakse godt (snitt 17 cm).



FIGUR 2. Vekst i elv og sjø for ein villaks og 6 sjøaure fanga i Øysteseelva i 2005.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I GRANVINSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2000 var gjennomsnittleg årsfangst 39 laks (snittvekt 4,9 kg). Villaksen har vore freda f.o.m. 2001, fangstane av laks etter dette er rømt oppdrettslaks. Snittfangst av sjøaure per år i perioden 1969-2005 har vore 890 (snittvekt 1,5 kg). Sjøaurefangstane har minka frå midt på 1980-talet, og dei siste ti åra har snittfangstane vore berre 107 sjøaure per år. Fangsten i 2005 på 67 sjøaure (snittvekt 2,0 kg) er den nest lågaste som er registrert.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Granvinselva i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen har vore freda f.o.m. 2001.


Samla skjelmateriale

Frå perioden 1999-2005 er det til saman analysert skjelpøvar av 83 laks og 64 sjøaurar (inkludert 5 laks fanga ved ekstrasfiske i 2004). Ti av laksane fanga etter 2000 var villaks, dei fleste har anten har vorte skadde av reiskap, eller har feilaktig vore vurdert som sjøaure eller rømt laks. Tre av fem villaksar fanga i 2005 vart sleppt ut att etter at det var teke prøve av dei.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-4 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Ein del av aurane vil opphalda seg i Granvinsvatnet ei ti før utvandring, og kan vera over 25 cm som smolt. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I EIDFJORDVASSDRAGET

Fangststatistikk


I perioden 1969-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 103 laks (snittvekt 5,2 kg) og 232 sjøaurar (snittvekt 1,4 kg). I 2005 vart det fanga 36 laks med snittvekt på 6,9 kg og 97 sjøaure med snittvekt på 2,1 kg. Villaksen har vore freda sidan 2000, så fangstane av laks desse åra er rømt oppdrettslaks. Med unntak av gode enkeltår har det vore ein tendens til minkande sjøaurefangstar dei siste ti åra, og resultatet frå 2005 er mellom dei dårlegaste som er registrert.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Eidfjordvassdraget i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen har vore freda sidan 2000.


Innsamla skjelmateriale

Frå sportsfisket i perioden 2000-2005 er det samla analysert skjelprøvar av 104 laks og 387 sjøaurar. Fjorten av laksane var villaks som anten har vorte skadde av reiskap, eller feilaktig har vore vurdert som sjøaure eller rømt oppdrettslaks.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-17 cm. Ein del av aurne er ein eller fleire sesongar i Eidfjordvatnet, og kan vera opp mot 30 cm før dei går ut i sjøen første gong. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I KINSO

Fangststatistikk


I perioden 1969-2000 var gjennomsnittleg årsfangst 21 laks (snittvekt 4,8 kg), villaksen har vore freda f.o.m. 2001, og fangstane av laks etter dette er rømt oppdrettslaks. Snittfangsten av sjøaure i perioden 1969-2005 har vore 47 per år (snittvekt 1,2 kg). I 2005 vart det fanga 31 sjøaure (snittvekt 1,1 kg). Fangstane av sjøaure dei tre siste åra er mellom dei lågaste fangstane som er registrert (dersom ein ikkje inkluderer dei 11 åra der det ikkje er registrert fangst av sjøaure i Kinso).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Kinso i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen har vore freda f.o.m. 2001.


Samla skjelmateriale

Frå perioden 1999-2005 er det til saman analysert skjelpøvar av 282 laks og 262 sjøaurar. Tretten av laksane fanga etter 2000 var villaks, dei fleste har anten vorte skadde av reiskap, eller feilaktig vore vurdert som sjøaure eller rømt laks.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-4 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I OPO

Fangststatistikk


I perioden 1969-98 var gjennomsnittleg årsfangst 108 laks (snittvekt 6 kg), etter det har villaksen vore freda, og innrapportert laks etter dette er rømt oppdrettsfisk. Snittfangst av sjøaure i perioden 1969-2005 er 104 stk. (snittvekt 1,5 kg). I 2005 vart det fanga 21 laks (snittvekt 5,8 kg) og 23 sjøaure (snittvekt 4,4 kg). Fangsten av sjøaure i 2005 var den lågaste sidan 1972. Den høge snittvekta for sjøaure i 2005 indikerer at det kan skjula seg ein del rømt oppdrettslaks i det materialet.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Opo i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen har vore freda sidan 1998.


Samla skjelmateriale

Frå sportsfisket i perioden 2000-2005 er det til saman analysert skjelpøvar av 109 laks og 137 sjøaurar, i 2005 kom det inn skjelpøvar av 22 laks og 23 sjøaure. Til saman 13 av dei 109 laksane var villaks som feilaktig har vore vurdert som sjøaure eller rømt oppdrettslaks.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 10-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I ÆNESELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1969-2005 var 32 laks (snittvekt 3,4 kg) og 47 sjøaurar (snittvekt 1,2 kg). Laksefangsten i 2005 (48 laks) er mellom dei største som er registrert. Bortsett frå eit par svært gode år seint på 1970-talet har sjøaufangstane stort sett vore under 40 fisk per år, snittet for 1993-2005 er 26 fisk per år. I 2005 vart det fanga 35 sjøaurar (snittvekt 1,0 kg).




FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Æneselva i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

Analysar av skjelmateriale - vekst i elv og sjø

Det vart motteke skjelprøvar frå 3 laks og 5 sjøaure fanga ved sportsfiske i 2005. Ein av laksane var ein rømt oppdrettslaks, ein andel på 33 %.

Dei fleste laks- og aureungane er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-15 cm. Sjøvekten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjøen, medan sjøauren veks 10-17 cm.



FIGUR 1. Vekst i elv og sjø av ein villaks og fire sjøaure fanga i Æneselva i 2005.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I GUDDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1969-2005 var 16 laks (snittvekt 2,7 kg) og 41 sjøaurar (snittvekt 1,2 kg). Laksefangsten i 2005 (17 laks) var den nest største sidan midt på 1980-talet. Til saman 8 år frå 1989 og utover 1990-talet er det ikkje registrert fangst av laks i Guddalselva, men det ikkje kjent om det skuldast manglande rapportering eller manglande fangstar. Bortsett frå nokre svært gode år kring 1980 har sjøaufangstane stort sett vore låge, snittet for 1985-2005 er 14 fisk per år. I 2005 vart det fanga berre 5 sjøaurar (snittvekt 0,8 kg)




FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Guddalselva i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søytle) og laks (>3 kg, grå søytle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søytle), mellomlaks (3-7 kg, grå søytle) og storlaks (>7 kg, svart søytle).

Analysar av skjelmateriale - vekst i elv og sjø

Det vart motteke skjelprøvar frå 24 laks og 8 sjøaure fanga ved sportsfiske i 2005, i tillegg til 9 laksar og 3 sjøaure fanga etter sportsfiskesesongen. Sportsfiskefangstane av både laks og sjøaure er høgare enn registrert i den offisielle fangststatistikken, og viser at fangstane i Guddalselva er underrapporterte. Berre ein av 24 laks fanga ved sportsfiske var ein rømt oppdrettslaks, ein andel på 4 %.

Dei fleste laks- og aureungane er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-18 cm. Sjøvekten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjøen, medan sjøauren veks 12-17 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I OMVIKEDALSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 19 laks (snittvekt 2,8 kg) og 72 sjøaurar (snittvekt på 1,2 kg). I 2005 vart det fanga 4 laks med ei snittvekt på 1,3 kg og 9 sjøaure med snittvekt på 1,3 kg. Både laks- og sjøaurefangstane dei siste åra har vore mellom dei lågaste som er registrert i elva.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Omvikedalselva i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå perioden 1999-2005 er det til saman analysert skjelprøvar av 42 laks og 145 sjøaurar. I 2005 kom det inn skjelprøvar av 1 villaks og 4 sjøaure. Andelen rømt oppdrettslaks har variert mellom 50 % i 2003 og 0 % i 2004 og 2005. Antalet analyserte skjelprøvar av laks er for lågt til å sei noko sikkert om innslaget av rømt fisk.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 10-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I ÅDLANDSVASSDRAGET

Fangststatistikk

I perioden 1969-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 22 laks (snittvekt 2,2 kg) og 90 sjøaure (snittvekt 0,9 kg). I 2005 vart det fanga 57 laks med snittvekt 1,6 kg og 52 sjøaure med snittvekt på 0,7 kg. Laksefangsten i 2005 var den beste som er registrert sidan 1978, men det manglar fangststatistikk for til saman 11 år mellom 1987 og 2002.




FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Ådlandsvassdraget i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

Analysar av skjelmateriale - vekst i elv og sjø

Til saman er det motteke skjelprøvar frå 53 laks og 26 sjøaure frå sportsfisket, og i tillegg 48 laks og ein sjøaure frå ekstrasfiske etter rømt oppdrettslaks. Alle skjelprøvane frå sportsfisket i 2004 var villaks, medan 4 av skjelprøvane frå sportsfisket i 2005 var rømt oppdrettslaks.

År	Sesong	Antal laks	% oppdrett	Antal sjøaure
2004	Sportsfiske	8	0	9
	Hautsfiske	36	86	1
2005	Sportsfiske	45	9	15
	Hautsfiske	12	100	0

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 10-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 10-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no